



Haugen VVA AS  
Fabrikkgaten 7 B  
5059 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/6550 - 19/29805

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
knut.bjornevoll@lindas.kommune.no

Dato:  
08.10.2019

## Ferdigattest avkjørsle - gbnr 124/1 Kjeilegavlen

### Administrativt vedtak. Saknr: 565/19

**Tiltakshavar:** Gunn Kvalvågnes

**Ansvarleg søkjar:** Haugen VVA AS

**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert **23.03.2016**. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 30.09.2019 .

### Skildring

Adresse:	124/1 Kjeilegavlen
Bygningstiltak:	Omlegging av avkjørsle

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for opparbeiding av avkjørsle på gbnr 124/1.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reistas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/6550

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Gunn Kvalvågnes	Keilevegen 97 B	5953	FONNES
Gunn Kvalvågnes	Keilevegen 97 B	5953	FONNES
Haugen VVA AS	Fabrikkgaten 7 B	5059	BERGEN

**Mottakarar:**

Haugen VVA AS	Fabrikkgaten 7 B	5059	BERGEN
---------------	------------------	------	--------